

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for natur  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 28.01.04 **Tid:** 15.00 – 18.15

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 7, inkl. varamenn:

Janne Drevsjø fekk permisjon etter handsaming av sak 3/04

## **Andre som var tilstade på møtet:**

Landbrukssjef Helene Dahl, landbrukskonsulent Gunnar Kleive saman med landbrukskonsulent/miljøsjeff Hans Kristian Stenerud orienterte om felles landbrukskontor. Leiar av teknisk eining Øyvind Haga orienterte om utkast til reguleringsplan på Bjørkheim. Hans Kristian Stenerud, adm.sjef Tone Ramsli og møtesekretær Eva Hellevang.

## **Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 30. januar 2004

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Godkjent

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Godkjent

**UTVALET SITT KVARTER:**

**Sture Tveit** etterlyste informasjon om kva som er gjort i høve til dei som har betalt feieavgift for 2003 men som ikkje har fått utført feiing.

Det er no utarbeidd ein oversikt over dei som korkje har fått feiing eller tilsyn i 2003 og som har betalt. Desse får kredidert innbetalt sum ved utsending av krav for første termin 2004 kommunale avgifter. Rutinane for arbeidet vert gjennomgått, og endra slik at me venteleg unngår liknande situasjonar for framtida.

Han viste til annonse om tenester frå eit nyetablert firma der ein kommunalt tilsett tilbyr tenester innan juridisk rettleiing. Tveit meinte at dette ikkje burde tillast, og ba om administrasjonssjefen si forklaring.

Adm.sjefen viste til avtaleverket om ekstra arbeid. I kommunen sine personalvedtekter er dette omtala. Her står: *Tilsette i Samnanger kommune kan ikkje ha verv/bistillingar som er så omfattande og tidkrevjande at det går ut over arbeidet til vedkomande, eller som er av ein slik art at det oppstår problem med ugildskap. Spørsmål om høve til å ta på seg verv eller bistillingar skal føreleggjast næraste overordna.* Den aktuelle arbeidstakar har reist spørsmålet for overordna (adm.sjefen) som har akseptert førespurnaden på vilkår at det ikkje vert teke saker der kommunen er part eller som vil gå ut over arbeidssituasjonen til vedkomande.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

**Helene Dahl, Gunnar Kleive og Kristian Stenerud** presenterte felles landbrukskontor for kommunane Samnanger, Os og Fusa.

Det vart informert om kurs i handsaming av saker etter jordlov, konsesjonslov m.m. for heile utvalet i Norheimsund 17. februar. Medlemmane skal gje svar til ekspedisjonen innan 6. februar om dei kan møte.

Med innkallinga var sendt ut dokument knytt til arealdisponering for Holmane, Jarland, Haug og Totland. Det har kome inn spørsmål frå ein grunneigar om kommunen hadde vurdert eit tidlegare vedtak om utarbeiding av arealplan for dette område før kommuneplanen sin areadel vart lagt fram. **Hans Kristian Stenerud** orienterte om saka, som vart drøfta av utvalet. Konklusjonen var at framlegg til kommuneplan, arealdelen vert lagt ut til høyring slik saka ligg. Oppsitjarane får evt. koma med merknader i samband med utlegginga.

**Øyvind Haga** ga ein orientering om utkast til reguleringsplan for Bjørkheim. Sak vert førebudd til neste møte.

**Arne Jørgensen** og **Sigmund Dyrhovden** var kalla inn til møtet for å vera med på ein diskusjon om mandat for utvalet som dei er med i. Dette vert utsett til neste møte. Dei vil få ny innkalling.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0001/04	03/00472 <b>DELINGSSAK GNR 23, BNR 1 HAUKANESET</b>
0002/04	04/00005 <b>SØKNAD OM DELING AV GRUNNEIGEDOM GNR/BNR 25/2</b>
0003/04	03/00479 <b>DELINGSSAK GNR 30, BNR 21.</b>
0004/04	03/00514 <b>KONSESJONSSAK GNR 32, BNR 8 OG 9.</b>

0001/04

### **DELINGSSAK GNR 23, BNR 1 HAUKANESSET**

#### **Framlegg til vedtak::**

Med heimel i § 63 i plan- og bygningsloven vert det ikkje gitt løve til å dela i frå ein skogteig på 3 daa frå gnr/bnr 23/1 i Samnanger kommune.

Med heimel i jordlova § 9, Deling, vert det ikkje gitt løyve til å dela i frå ein skogteig på 3 daa frå gnr/bnr 23/1 i Samnanger kommune.

#### **Handsaming i møte:**

Olaug Øystese og Øyvind Røen ba utvalet vurderer om dei var ugilde. Dei forlot begge møtet, medan det vart behandla.

Utvalet vedtok samrøystes at dei var ugilde, og dei tok ikkje del i handsaminga.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Med heimel i § 63 i plan- og bygningsloven vert det ikkje gitt løve til å dela i frå ein skogteig på 3 daa frå gnr/bnr 23/1 i Samnanger kommune.

Med heimel i jordlova § 9, Deling, vert det ikkje gitt løyve til å dela i frå ein skogteig på 3 daa frå gnr/bnr 23/1 i Samnanger kommune.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Olaug Øystese og Øyvind Røen kom inn att etter avrøystinga.

0002/04

### **SØKNAD OM DELING AV GRUNNEIGEDOM GNR/BNR 25/2**

#### **Framlegg til vedtak::**

I høve til plan og bygningslova § 63 vert gitt løyve til å dela to bustadtufter på til saman 2,9 daa i frå gnr/bnr 25/2 i Samnanger kommune. Det vert i høve til § 7 i same lov gjeve dispensasjon frå kravet om reguleringsplan.

Det vert sett krav til tilkopling til kommunalt vatn og avlaup.

I høve til jordlova § 12 vert det gitt løyve til å dela to bustadtufter på til saman 2,9 daa i frå gnr/bnr 25/2 i Samnanger kommune.

**Handsaming i møte:**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

I høve til plan og bygningslova § 63 vert gitt løyve til å dela to bustadtufter på til saman 2,9 daa i frå gnr/bnr 25/2 i Samnanger kommune. Det vert i høve til § 7 i same lov gjeve dispensasjon frå kravet om reguleringsplan.

Det vert sett krav til tilkopling til kommunalt vatn og avlaup.

I høve til jordlova § 12 vert det gitt løyve til å dela to bustadtufter på til saman 2,9 daa i frå gnr/bnr 25/2 i Samnanger kommune.

Vedtaket var samrøystes.

0003/04

**DELINGSSAK GNR 30, BNR 21.****Framlegg til vedtak::**

I høve til plan og bygningslova § 63 vert det ikkje gitt løyve til å dela i frå ei hyttetuft på gnr/bnr 30/21 i Samnanger kommune. Område omkring omsøkte tuft vert på den andre sida registrert som innspel ved 1. gong høyring av arealplan for kommunen i 2004.

I høve til jordlova § 12 vert det ikkje gitt løyve til å dela i frå ei hyttetuft på om lag 1 daa på gnr/bnr 30/21. Vedtaket etter jordlova vert grunngjeve med at område fyrst må vurderast i høve til ny arealplan for kommunen.

**Handsaming i møte:**

**Sture Tveit** sette fram fylgjande forslag til vedtak:

Det vert gjeve løyve til å dela frå ei hyttetuft på gnr. 30 bnr. 21 i Samnanger kommune.

Grunnen er at 3 av syskena alt har fått frådelt ei hyttetuft.

Verdien av egedomen som landbrukseigedom vil heller ikkje verta forringa ved ei eventuell frådeling.

Framlegget til Tveit fekk 1 røyst, administrasjonssjefen sitt framlegg fekk 6 røyster.

**Vedtak:**

I høve til plan og bygningslova § 63 vert det ikkje gitt løyve til å dela i frå ei hyttetuft på gnr/bnr 30/21 i Samnanger kommune. Område omkring omsøkte tuft vert på den andre sida registrert som innspel ved 1. gong høyring av arealplan for kommunen i 2004.

I høve til jordlova § 12 vert det ikkje gitt løyve til å dela i frå ei hyttetuft på om lag 1 daa på gnr/bnr 30/21. Vedtaket etter jordlova vert grunngjeve med at område fyrst må vurderast i høve til ny arealplan for kommunen.

0004/04

**KONSESJONSSAK GNR 32, BNR 8 OG 9.**

**Framlegg til vedtak:**

Leon Espelid får med heimel i konsesjonsloven av 31.05.1974 konsesjon på gnr/bnr 32/8 og 9 i Samnanger kommune. Kjøpesummen er kr. 1.200.000,-. Det vert ikkje sett krav til bu- og driveplikt til eigdommen. Eigar må på den andre sida halde fram med å leiga ut beite i utmarka.

**Handsaming i møte:**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Leon Espelid får med heimel i konsesjonsloven av 31.05.1974 konsesjon på gnr/bnr 32/8 og 9 i Samnanger kommune. Kjøpesummen er kr. 1.200.000,-. Det vert ikkje sett krav til bu- og driveplikt til eigdommen. Eigar må på den andre sida halde fram med å leiga ut beite i utmarka.

Forslaget vart samrøystes vedteke.